

Årsmelding 2016 - Vang frivilligsentral



Innleiing

Sentralen held ope måndag, tysdag og onsdag frå 11:00 til 15:00 på Vangtunet. Marte Tangen er tilsett som dagleg leiar i 100% stilling.

Vang frivilligsentral har følgjande handlingsplan:

Hovudmål: Vere ein katalysator for frivillig verksemd i Vang

Visjon: Møte mellom menneske

Delmål 1: Vere ein sosial møteplass på tvers av generasjonar og kultur

Delmål 2: Vere ein støttespelar for frivillige lag og eksisterande aktivitetar i kommunen

Delmål 3: Auke det eksisterande tilbodet der det er behov

Delmål 4: Vere ein synleg og påliteleg aktør for heile bygda



Kontakt

frivilligsentralen@vang.kommune.no

61 36 94 25 - 46 81 64 73

www.vang.frivilligsentral.no

www.facebook.com/vangfrivilligsentral

Styre og årsmøte

Styret i Vang frivilligsentral har i 2016 bestått av:

Erik Martinsen Dalåker	styreleiar
Elisabeth Sparstad	nestleiar
Leif Hjalmar Søndrol	representant frå Hovedutval for levekår
Abdela Ibrahim	
Hallgrim Rogn	
Kaja Järve	vara
Ragni Almenning Havro	vara
Ole Jørgen Tveit	vara

Hovedutval for levekår er årsmøte og øvste organ for sentralen. Årsmøte 2016 vart halde 10. februar. Styret har hatt 4 styremøter.

Frivillige

Ved utgangen av året hadde vi 119 registrerte frivillige. Ikkje alle er aktive men det er godt å ha mange på lista ved behov. Dei utførte i 2016 om lag 775 timar med frivillig arbeid. Dei frivillige er jamt fordelt kvinner og menn. Om lag 13 % er bebuarar på mottakssenteret. Berre 17 % av dei frivillige er i pensjonistalder, men dei står for ein stor del av frivilligtimane. Vi meiner det er potensiale for å rekruttere fleire frivillige pensjonistar med tid til å bidra.

Tilbod

Vi tilbyr ulike tenester der frivillige bidreg. Publikum tek kontakt ved behov og vi formidlar frivillige så godt det lar seg gjere. Hjelpetenester er enkeltoppdrag medan dei andre tilboda kan vere vedvarande.

Tilbod nytta i 2016:

Hjelpetenester	12	Besøksven	1	Språkven	5
Leksehjelp	5	Studiehjelp	2	Datahjelp	1
Turven	1	Øvingskøyning	7		

Størst pågang som vi ikkje klarer å løyse er det på øvingskøyning. Mange står på venteliste og dei som er i gong får ikkje tilstrekkeleg kontinuitet.

Økonomi

Sentralen har i 2016 fått 330 000,- i driftstilskot frå Kulturdepartementet. 20 000,- av desse er knytt til dagleg leiar sin rolle som nettverksleiar for Vestoppland nettverk, og av desse er 5 000,- fordelt vidare til nestleiar i nettverket. Samla driftsrekneskap vart på 408 450,-

Frå 2017 vil statstilskotet gå inn i rammetilskotet til kommunen som øremerka midlar. Kompensasjon for nettverksleiarfunksjonen er borte men tilskotet forøvrig blir auka frå 310 000,- til 365 000,-

Prosjekt og samarbeid

Integrerende arbeidsliv

Bulystprosjektet vart avslutta i 2016, ein eigen prosjektrapport er tilgjengeleg på våre nettsider

FriBib

Utviklinga av biblioteket og frivilligsentralen som sosial møteplass held fram, og prosjektperioden er forlenga inn i 2017. Arbeidet i 2016 har i hovudsak gått ut på omorganisering av biblioteksavdelingane, planlegging av interiør samt utvikling av lagerplass som gjer gjennomføring av arrangement osv. enklare.

Tiltak for eldre/benkeprosjekt

Sommaren 2016 vart kongevegbenkane ferdigstilt, og 5 benkar vart montert langs gangvegen i sentrum. Tilbakemeldingane frå publikum er svært positive.

Vinjerock

Vi har bygd vidare på samarbeidet med Vinjerock, og i 2016 fikk dagleg leiar plass i staben som 'mangfaldssjef' med fokus på rekruttering av lokal ungdom, inkludering av funksjonshemma og integrering av flyktningar. 8 flyktningar og 8 ungdommar var involvert i festivalen i 2016.

#VÅRTNABOLAG

I samarbeid med Oslo World Music Festival, Vinjerock, mottaket, introduksjonssenteret, Innovangsjon og biblioteket arrangerte vi eindagsfestivalen #VÅRTNABOLAG på mottaket i august. Både nasjonale og lokale artistar samt Åse Kleveland som konferansier bidrog til å dra over 300 publikummarar innanfor portane, og med mat, aktivitetar og dans vart dette ein folkefest av dei skjeldne. Arrangementet fikk mykje mediedekning og var med på å sette Vang på kartet i integrerings-samanheng.

Fotballturnering

I samarbeid med mottaket, Innovangsjon og FK Vang arrangerte vi fotballturnering på Tveit 3. september. Seks lag deltok og mange publikummararar var med å gjere dette til ein festdag.

Integrasjonsforum

Integrasjonsforumet hadde i 2016 tre møter, og har jobba mykje med å utvikle ein handlingsplan mot radikaliserings og hatkriminalitet som skal vedtakast av kommunestyret i 2017.

Julegåvedugnad

Vi organiserte innsamling av julegåver til ungane på mottaket og introduksjonssenteret, og vi opplevde stor givarglede i vangsbefolkninga og stor takksemt bland mottakarane.

Regional og nasjonal organisering

Som nettverksleiar har dagleg leiar deltatt i regionsamlingar i Oslo og Danmark, samt planlegging og gjennomføring av ein regionkonferanse og fire nettverkssamlingar. I tillegg har ho vore leiar av valkomiteen for vår nye nasjonale organisasjon; Norges frivilligsentraler, som hadde sitt første årsmøte 18.11.16.

Vårprogrammet i samarbeid med biblioteket

Besøk

Ons	20/1	19:00	Marknadsføringskveld for bedrifter og frivillige lag	50
Tors	21/1	12:00	Eventyrstund i Fredheim barnehage	20
Tors	28/1	19:00	'Kvinnen fra Burma' - teater med Gro Ann Uthaug	25
Ons	3/2	19:00	'Jazz frå skogom' - konsert med Jon Pål Inderberg og Heidi Skjerve	50
Tors	4/2	12:00	Lunsjforedrag: 'Arabisk litteratur og kultur' med Nisrin Maktabi Barkouki	30
Tys	16/2	12:00	Morsmålsdagen	110
Ons	24/2	19:00	Temakveld om skatt med Boye Thorpe	20
Ons	2/3	19:00	Karsten Alnæs blir bokbada av Kirsti Baggethun	35
Mån	7/3	19:00	Tid for å så	7
Tors	10/3	19:00	Påskekrim med Asbjørn Slettemark	30
Tors	17/3	19:00	'Evert Taubes sommerlige viser' - konsert med Lars Klevstrand	35
April			Utstilling: 'Kunsten å være bok'. Start på programmet 'Kva er ei bok'	80
Ons	6/4	19:00	'Generasjon Prestasjon'	40
Fre	8/4	18:00	Oh mama crew - disco på biblioteket!	150
Ons	27/4	19:00	Boka du lager sjølv - verkstad med Arne & Carlos	8
Laur	7/5	14:00	Opning av kunstgruppa på mottaket si vårutstilling	50
Ons	11/5	19:00	Sykkelmekkekveld	20
Laur	11/6	14:00	Fleirkulturell fest	60
Laur	25/6	14:00	Opning av Fotoklubben si sommarutstilling: 'Vilt og vakkert - Vang'	40

Til saman deltok om lag 860 på vårens arrangement.



Jazz frå skogom



Asbjørn Slettmark



Generasjon Prestasjon



DJ-kurs med Oh mama crew



Boka du lager sjølv



Fleirkulturell fest

Haustprogrammet i samarbeid med biblioteket

Besøk

F r e d a g 09/09 kl 19	<i>Opning av måleriutstilling. Kunstnar: Sigfred Hovda.</i> Sigfred kåserer over livet som hobbykunstnar. Musikk: Erling Heen	130
L a u r d a g 17/09 kl 14	<i>Huldra, Laume, Baba Jaga, Dhegdheer</i> Forteljarateater og avslutning av årets Sommarles	40
O n s d a g 21/09 kl 19	<i>Fotofikling</i> Introduksjonskurs i kreativ bileteredigering	25
O n s d a g 05/10 kl 19	<i>Tradisjonsmusikk fra Østfold</i> Konsert med Sunniva Berg og André Kristoffersen	35
O n s d a g 12/10 kl 19	<i>Forfalne</i> - Visning av kortfilm spelt inn i Vang. Besøk av regissør Ole Sebastian Kåss	70
T y s d a g 18/10 kl 19	<i>Ut av hylla</i> Presentasjon av årets kulturfondbøker for vaksne	15
L a u r d a g 29/10 kl 14	<i>Haustutstillinga 2016</i> Opning av utstilling. Kunstnar: Serhed Waledkhani	45
O n s d a g 09/11 kl 19	<i>Kva skal staden heite - og kven bestemmer?</i> Temakveld om stadnamn med Aud Søyland og Kari Birgit Lien	30
O n s d a g 16/11 kl 19	<i>Bygdedyr og glansbilete - korleis står det eigentleg til i Vang?</i> Sofasamtale med Siv Anita Katevoll, Abdela Ibrahim, Elisabeth Øraker og Tor Jørstad. Samtaleleiar: Eli Belsheim.	65
O n s d a g 30/11 kl 19	<i>Eit aktivt pensjonistliv</i> Frivillige lag og frivilligsentralen presenterer aktivitetar for seniorar	30
O n s d a g 07/12 kl 19	<i>Bokkveld med utdeling av positivprisen</i>	90

Til saman deltok om lag 575 på haustens arrangement.

For 2016 gir det til saman om lag 1435 besøkande på arrangementa.

I tillegg leia Thomas Vatn Weisser 4 dagar med sommarfritidsklubb i juli, med om lag 8 ungar i snitt pr gong.



Fotballturnering



Fotofikling



Tradisjonsmusikk fra Østfold



Bygdedyr og glansbilete



Eit aktivt pensjonistliv



Bokkveld med utdeling av positivprisen

Faste aktiviteter i samarbeid med biblioteket

Kvar veke er det norsktime med Elisabeth Sparstad, clubnight (ope hus) og samtalegruppe med utgangspunkt i avisa Klar Tale. Annankvar veke er det fotoklubb, og frå hausten var det teikneklubb annankvar veke. Ein gong i månaden har biblioteket arrangert lesesirkel.



Teikneklubb

Takk til alle frivillige som stiller opp, utan dykk er vi ingen ting!

